



NOREGS HØGSTERETT

Den 30. juni 2011 sa Høgsterett dom i

HR-2011-01316-A, (sak nr. 2011/597), straffesak, anke over dom,

A

(advokat Anders Brosveet)

mot

Den offentlege påtalemakta

(statsadvokat Kirsti Guttormsen)

R Ø Y S T I N G :

(1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld straffutmåling i sak om forsøk på overfallsvaldtekts, gjort

etter endringa av straffelova § 192 ved lov av 25. juni 2010 nr. 46.

(2) Sør-Østerdal tingrett sa dom 22. november 2010 med slik domsslutning:

”1. A, født 06.03.1981, dømmes for overtredelse av straffeloven § 192 første ledd bokstav a, jf. annet ledd bokstav a, jf. straffeloven § 49, til en straff av fengsel i 3 – tre – år og 2 – to – måneder.

I straffen fragår 69 – sekstini – dager for varetektsfengsel.

2. A dømmes til innen 2 – to – uker fra dommens forkynnelse til å betale oppreisning til Stine Nordhagen med 100.000 – etthundretusen – kroner.”

(3) Domfelte anka til Eidsivating lagmannsrett over straffutmålinga. Eidsivating lagmannsrett sa dom 24. februar 2011 med slik domsslutning:

”1. Anken forkastes.

2. Til fradrag i straffen går 96 – nittiseks – dager for varetektsfengsel.”

- (4) A har anka vidare til Högsterett over straffutmålinga og gjort gjeldande at straffa bør setjast monaleg ned. Under behandlinga i Högsterett har påtalemakta sett fram påstand om at straffa blir fastsett til fengsel i to år og ti månader.
- (5) *Eg er komen til* at anken må takast til følgje, og at straffa bør setjast til fengsel i to år og ti månader.
- (6) Domfelte er funnen skuldig i å ha forsøkt å valdta ei 22 år gammal kvinne natt til fredag 17. september 2010. Ho var då på veg heim frå byen i X og gjekk åleine. Klokka var om lag to. Rett etter at ho hadde passert busstasjonen vart ho kontakta av ein mann – domfelte – som ho ikkje kjende frå før. Ho gav då uttrykk for at ho ønskte å gå åleine. Han sa at han skulle same vegen, og gjekk samtidig med henne nordover frå sentrum i retning dit ho budde.
- (7) Litt etterpå starta han å ta på henne. Trass i at ho avviste han, prøvde han å halde henne i handa, kysse henne og ta på brysta hennar under kleda. Då ho heldt fram med å gå, la han armen rundt henne, braut henne overende og la seg oppå henne. Dette skjedde i eit bustadområde, på eit graslagt område mellom vegen og gjerdet til ein villaeidedom. Ho vrei seg og gjorde motstand, men han klarte likevel å få av henne buksa og trusa. Han tok også sjølv av seg buksene og prøvde å trengje inn i skjeden hennar medan han heldt henne liggjande på ryggen. Då ho tok til å rope om hjelp, slo han henne fleire gonger i ansiktet for å få henne til å teie stilt. Han gav opp forsøket på valdtektsdå ein mann kom gåande.
- (8) Eg går så over til å sjå på straffutmålinga. Saka gjeld forsøk på valdtektsdå. For å kunne ta stilling til straffutmålinga for dette, er det naturleg å ta utgangspunkt i kva som ville ha vore utmålinga dersom valdtekta hadde vore fullført.
- (9) Som før omtala, skjedde valdtektsforsøket 17. september 2010. Det inneber at straffutmålinga skal skje med grunnlag i straffelova § 192 slik denne lyder etter endringslov av 25. juni 2010 nr. 46. Ved denne endringslova vart minstestraffa for brotsverk etter valdtektsdå samleie i straffelova av 1902 § 192 første ledd, jf. andre ledd auka frå fengsel i to til fengsel i tre år. Lovendringa vart sett i kraft straks.
- (10) Prop. 97L (2009–2010) inneheld føringar for straffutmålinga etter den endra lova. Alvoret i ei valdtektshandling er då lagt inn i straffenivået, slik det er gjort nærmere greie for i proposisjonen. Departementet gir der døme på kva som bør vere straffenivået etter den nye lova, med utgangspunkt i saker frå Högsterett. I proposisjonen side 19 heiter det:
- ”Der det foreligger skjerpende omstendigheter, bør straffenivået ikke være under fengsel i 6 år, se også retningslinjer for straffenivået for voldtekter som pådømmes etter § 192 tredje ledd nedenfor. Som eksempel på voldtekter hvor straffenivået ikke bør være under fengsel i 6 år kan nevnes Rt. 2006 side 828 (ikke medregnet påslaget for gjentakelse) og Rt. 2003 side 625.”
- (11) I saka i Rt. 2006 side 828 vart straffa for valdtektshandlingane vurdert til fengsel i fire år, jf. avsnitt 15. Desse handlingane er nærmere omtala i avsnitt 7 i dommen, men eg skal gi eit kort riss av hendingsgangen: Domfelte slo den krenkte – som var den tidlegare sambuaren hans – i ansiktet med knytt hand, og kommanderte henne deretter til å kle av seg. Ho vart tvinga til å suge han til utløsing. Kort tid etterpå gjennomførte han vaginalt samleie med henne i ulike stillingar, og ho vart på ny tvinga til å suge penis. Domfelte prøvde litt etter

- å tre ei tauylkkje over hovudet hennar, og seinare rundt kroppen hennar, utan å lukkast med det.
- (12) Den andre dommen det er vist til er Rt. 2003 side 625. Også i den saka vart straffa for valdtekst sett til fengsel i fire år. Like etter klokka fire på natta oppdaga den domfelte, som køyrd bil, den krenkte som var på veg for å ta toget. Han stansa bilen, og tok henne med makt inn i bilen. Deretter køyrd han til eit industriområde i nærleiken. Han drog henne ut av bilen, og fekk trass i motstand ført penis inn i skjeden hennar. Deretter drog han henne inn i eit smug mellom to hus og la henne i bakken, der han på ny gjennomførte samleie med henne. Den krenkte skreik, og han heldt henne då over munnen og truga med å drepe henne.
- (13) I proposisjonen på side 19 er det uttala at normalstraffa for valdtekst ikkje bør vere under fengsel i fire år.
- (14) For handlingar som, slik det er tilfelle i saka no, er gjorde etter at endringslova er sett i kraft, skal domstolane fullt ut byggje på dei nivåa som er føresette i motiva ved lovendringa, jf. HR-2011-01015-A avsnitt 11.
- (15) Spørsmålet er så kva straffa i saka no hadde vorte dersom valdtekta hadde vore fullført.
- (16) Som bakgrunn for mi vurdering har eg omtala begge dei to høgsterettsdommane som er omtala i proposisjonen. Det er særleg saka i Rt. 2003 side 625 som gir rettleiing for vår sak. Også det var ei overfallsvaldtekst av ei kvinne som kom gåande om natta. I den saka vart den krenkte ført av garde til ein stad med lite folk, og det vart gjennomført to samleie. Ho vart også utsett for drapstrussel. Etter mitt syn er saka klart alvorlegare enn vår sak. Det same er tilfelle for den andre saka eg har vist til, Rt. 2006 side 828, som gjaldt omfattande og langvarige overgrep.
- (17) På den andre side er tilhøvet no klart alvorlegare enn dei tilfella som går inn under normalstraffa i saker utan skjerpende omstende, og som ikkje bør vere under fengsel i fire år. Eg viser då til det eg tidlegare har sagt om hendingsgangen i saka, og legg ikkje minst vekt på at det er tale om ei overfallsvaldtekst.
- (18) Etter dette meiner eg at det må leggjast til grunn som utgangspunkt ei straff av fengsel i fem år eller i overkant av det.
- (19) Spørsmålet er så kor mykje straffa bør reduserast som følgje av at domfellinga gjeld forsøk på valdtekst og ikkje fullført valdtekst, jf. straffelova § 51. Etter mitt syn kan det ikkje stillast opp faste normer for kva ein slik reduksjon skal vere. Til det vil omstenda, ikkje minst ved forsøkshandlinga, kunne variere for mykje.
- (20) Ved forsøk på valdtekst vil mykje av skadeverknaden inntre allereie ved forsøket, i alle fall når det er kome så langt som i saka no. Det å bli lagt på bakken og å bli kledd naken nedantil, er svært alvorleg og krenkjande. Mykje av skadeverknadene ved ei valdtekst vil derfor kome på også ved eit forsøk. Hovudforskjellen er at den krenkte, når handlinga ikkje kjem lenger enn til forsøk, slepp den krenkinga som følgjer av innstrenging i vagina med eventuell sædavgang som vil kunne føre til graviditet og smitte av seksuelt overførbare sjukdommar.

- (21) Ved vurderinga må det samtidig kome inn at gjerningsmannen hadde vilje til å gjennomføre valdtekta, men at han vart hindra fordi det kom ein mannsperson gåande på vegen.

(22) Eg meiner etter dette at utgangspunktet, før eg går over til å sjå på verknadene av tilståing, jf. straffelova § 59, bør vere ei straff av fengsel i om lag fire år.

(23) For litt sidan omtala eg sjølve hendingsgangen ved valdtekta. Då den omtala personen kom gåande, sprang den domfelte bort og heldt seg gøynt. Etter at politiet hadde vore i området ei stund, valde han å gå direkte fram til ein polititenestemann. Han vart då straks pågripen og påsett handjarn.

(24) Den domfelte vart avhørt av politiet same dag som handlinga fann stad. Han forklarte då at han hadde vore svært rusa, og at han ikkje hugsa nokon ting frå det aktuelle tidsrommet. Han vart avhørt på ny 20. september, og forklara seg då i all hovudsak slik han seinare gjorde for tingretten. Sjølv om det i tingretten var litt nyansar mellom forklaringane frå den krenkte og frå den domfelte, la tingretten til grunn at avvika mellom forklaringane ikkje var større enn det må reknast med når begge forklarar seg så riktig som dei kan.

(25) Aktor for Högsterett har uttala at det må leggjast til grunn at det ikkje er sikkert at gjerningspersonen hadde vorte funnen, dersom ikkje domfelte hadde gitt seg til kjenne slik han gjorde. Eg har ikkje grunn til å overprøve denne vurderinga.

(26) Ved pågripinga på staden hadde politiet ein person som eventuelt kunne knytast til handlinga mellom anna ved bruk av DNA-profiler. Slike prøver vart tekne, men analysar er ikkje gjennomførte etter den tilståinga som kom få dagar etter pågripinga.

(27) Den domfelte gav seg såleis først til kjenne for politiet, slik at politiet fekk ein konkret gjerningsperson å etterforske mot. Deretter gav han ei etterhaldslaus tilståing, jf. straffelova § 59 andre ledd. Denne kom kort tid etter pågripinga, og før det var halde fengslingsmøte i tingretten.

(28) Eg legg til grunn at den domfelte ved tilståinga i stor grad har letta behandlinga av saka. Prosessøkonomisk har det vekt.

(29) Dessutan – og det er særleg viktig – har den domfelte ved å gi seg til kjenne for politiet og seinare ved å gi etterhaldslaus tilståing – i stor grad letta situasjonen for den krenkte. Ikkje minst må det vere viktig at det er funne og domfelt ein gjerningsperson. Men dessutan slepp den krenkte den tilleggsbyrde det ville vore å møte i retten i ein situasjon der forklaringa hennar vart prøvd opp mot andre forklaringar og bevis.

(30) Tilståing bør såleis ha monaleg vekt for straffutmålinga i ei sak som dette. Reint generelt er dette saker som er vanskelege å oppklare. Dels kan det vere vanskeleg å finne gjerningspersonen. Og dels vil det kunne vere strid om kva som faktisk har gått føre seg, der skilnader i forklaringane vil kunne vere viktige.

(31) Eg er etter dette komen til at straffa bør setjast til fengsel i to år og ti månader.

(32) Eg røystar for slik

D O M :

I tingrettsdommen, domsslutninga punkt 1, blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 2 – to – år og 10 – ti – månader.

- (33) Dommer **Endresen**: Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (34) Dommer **Noer**: Likeså.
- (35) Dommer **Webster**: Likeså.
- (36) Dommer **Matningsdal**: Likeså.
- (37) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

I tingrettsdommen, domsslutninga punkt 1, blir gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 2 – to – år og 10 – ti – månader.

Rett utskrift: